


## Opp og ut!


Køyr opp til Bosset og parker. Du har allereie no ein fantastisk utsikt. Strengt tatt treng du ikkje gå meir enn nokre hundre meter langs stigen før bilen er ute av syne og du er midt på fjellet. Men du må gjerne gå lengre!




Frå Bosset går turen langs god stig mellom Restjødnan og vidare til Dyna. Du passerar Bispen på veg opp til Dyna. Vidare går turen langs stigen til Stein-stølen. Herifrå fylgjer du fjellvegen til krysset til Fjellheim. Fylg stigen forbi Fjellheim attende til Bosset. Turen går i lett terreng på stigar og fjellveggar og er lett å finne.

Frå Dyna ser du over til Buhovdnatten i vest. Der har det visst budd underjordiske. Ei budeie skal ha vore rundt i åsen med dyra, men då kvelden seig på kom dyra attende – åleine. Budeia hadde vorte teke med inn i ei hole i natten. Ho vart verande i tre dagar, men då ho den tredje dagen vart servert blodmat, nekta ho å ete.


 Køyr opp Vestlia frå Ål stasjon, og følg vegen til Bosset. Betalingsbom.

 God parkering på Bosset.

 11 km. 4-5 timar for rundturen. 1060 - 1212 moh.

 God og mykje brukt stig, delvis merka.

Då vart ho kasta ut frå fjellet. Budeia kom seg attende til stølen men bar preg av hendinga i mange år etter, seiast det.



For meir detaljert kart sjå: Veståsen / Sangefjell

